

# ANBODSGRUNNLAG

## Skisseprosjekt tilbygg Sagstad og Grasdal skule, Meland kommune

### 1. Bakgrunn

Meland kommune ligg like nord for Bergen, med ei reisetid på knapt ein halvtime frå Bergen sentrum. Kommunen veks hurtig og har i dag eit folketal på ca. 7500. Busetnaden er til dels spreidd, men mest konsentrert i den sørlige delen, rundt kommunesenteret Frekhaug.

### 2. Anskaffinga

Meland kommune har behov for arkitektbistand til utarbeiding av to skisseprosjekt for tilbygg på Sagstad skule og Grasdal skule. Skisseprosjekta skal ligge til grunn for innehenting av totalentreprise. Utarbeiding av skisseprosjekta skal gjennomførast som ein prosess leia av kommunen sin prosjektleiar og støtta av valt tilbyder. Som bakgrunn for anskaffinga vert det vist til Meland kommune sin utgreiing av skulestruktur 2015-2018.

### 3. Om skulane

#### Sagstad skule


Sagstad skule vart bygd rundt 1960, og er bygd på ved fleire anledningar. Bruksarealet er på ca. 3500 m<sup>2</sup>, og skulen har i dag 359 elevar fordelt på 17 klassar. Tilbygget er planlagt og innehelde følgjande: 6 klasserom, 8 grupperom og ca. 80 m<sup>2</sup> kontor/møterom. I tillegg kjem gang/garderobe, toalett og teknisk rom. Tilbygget skal ha to etasjar og er rekna å vere på ca. 1000 m<sup>2</sup>. Endeleg romprogram skal utarbeidast av leverandør i samarbeid med arbeidsgruppa. Det er planlagt at tilbygget bør vere ein forlenging av førre utbygging frå 2008. Dersom tilbygget vert bygd her må gamal symjehall, som ikkje lenger er i bruk, rivast. Det må også vurderast om kontor eventuelt bør inngå i ein ombygging av eksisterande areal.



Kart 1: Sagstad skule. Tiltenkt plassering for tilbygg vist i raudt

### Grasdalen skule

Grasdalen skule vart tatt i bruk i 1987, og er seinare bygd på i 1997 og 2013. Bruksarealet på skulen er 1627 m<sup>2</sup>, og skulen har i dag 116 elevar fordelt på 9 klassar. Tilbygget er planlagt og innehelde følgjande: 4 klasserom, Musikkrom, 4 grupperom og ca. 55 m<sup>2</sup> kontor/møterom. I tillegg kjem gang/garderobe, toalett og teknisk rom. Tilbygget er rekna å vere på ca. 750 m<sup>2</sup>. Endeleg romprogram skal utarbeidast av leverandør i samarbeid med arbeidsgruppa. Det er planlagt eit frittliggende tilbygg, og tenkt plassering er vist på kartet under. Tomta er svært kupert, og det gjer at det vil vere nødvendig å byggje i to etasjar. Det må også vurderast om kontor evt. bør inngå i ein ombygging av eksisterande areal.



Kart 2: Grasdalen skule. Alternativ for plassering av tilbygg er vist i raudt.

#### 4. Leveranse

Tilbydar skal levere:

1. Teikningar som syner hovudplanløysinga for begge skulane: Etasjeplanar, fasadar og snitt, situasjonsplan og utandørsplan. Detaljeringsgraden skal baserast på at teikningane skal nyttast som anbudsgrunnlag i ei totalentreprise. Tegningene skal leverast både i pdf og dwg format eller tilsvarande.

I tillegg inngår følgjande oppgåver/ansvar:

2. Vere ansvarleg søkjar og prosjekterande for rammeløyve for tiltaka
3. Rådgjevar i samband med utarbeiding av funksjonsskildring for bygga. Honorert på timebasis
4. Møter og synfaringer. Ein reknar med at det er behov for ca 4 møter/synfaringar. Møter er honorert på timebasis. Reiser t/r Frekhaug vert honorert etter eigen post i prisskjemaet.

#### 5. Framdrift

Anskaffinga er planlagt gjennomført i henhold til følgjande framdriftsplan:

Aktivitet	Dato
Kunngjering i Doffin	07.01.2015
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	19.01.2015
<b>Tilbudsfrist</b>	<b>23.01.2015 kl. 14:00</b>
Kontraktstildeling	28.01.2015
Karènsperiode	10 dagar
Kontraktsignering	09.02.2015

Skisseprosjektet er planlagt gjennomført i henhold til følgjande framdriftsplan:

Aktivitet	Dato
Oppstart	Februar 2015
<b>Utending av anbod for totalentreprise</b>	<b>Medio mai 2015</b>

Skisseprosjekta skal ikkje leggjast fram for politisk godkjenning, men skal godkjennast i Arbeidsmiljøutvalet før anbudet på totalentreprisa går ut. Søknad om rammeløyve kan sendast inn omtrent samtidig med at anbudet går ut. Tidsplanen er noko knapp ettersom det er ønskjeleg at totalentreprenørane kan kome i gang i august 2015, for at bygga skal ha moglegheit til å stå ferdig til skulestart hausten 2016.

## 6. Innkjøpsreglar

Denne anskaffinga vert gjennomført etter lov 16. juli 1999 nr. 69 om offentlige anskaffelser (LOA) og forskrift 7. april 2006 nr. 402 om offentlige anskaffelser (FOA). Anskaffinga vert gjennomført som ei open anbodskonkurranse i høve til FOA del I. NS 8401 vil bli nytta som kontraktstandard.

## 7. Dokumentasjon

Følgjande dokumentasjon må leverast inn saman med tilbodet:

- Skatte- og mva attest
- Firmaattest
- HMS-eigenerklæring
- Sentral godkjenning som ansvarleg søkjar og prosjekterande

## 8. Tildelingskriterie

Tilbyder vil bli valt basert på det økonomisk mest fordelaktige tilbudet med følgjande tildelingskriterie:

TILDELINGSKRITERIE	DOKUMENTASJON	VEKT %
Totale kostnader	Jf. prisskjema. Samla sum i første del av prisskjema vil bli vekta meir enn timeprisen.	30 %
Relevant kompetanse og erfaring	CV og referanser for tilbydd(e) arkitekt(er)	50 %
Gjennomføringsplan og oppgåveforståing.	Gjennomføringsplan for oppdraget der det vert skildra korleis oppgåva vil bli løyst	20 %

## 9. Utforming og levering av tilbud

Tilbudet skal innbindast (perm) og leverast i 1 eksemplar på papir samt i elektronisk versjon (USB), samt 1 elektronisk versjon av sladda tilbud som kan leverast ut ved spørsmål om innsyn. Elektronisk versjon skal vere i PDF-format eller tilsvarande. Papirversjonen har forrang framfor den elektroniske versjonen i tilfelle avvik og/eller motstrid.

Det er ikkje opning for å gi tilbud på delar av leveransen eller kome med alternative tilbud.

Tilbudet skal leverast i lukka konvolutt til Meland Kommune, Rådhuset innan 23.

januar kl. 14.00. Eller sendast pr. post til Meland kommune, p.b. 79, 5906 Frekhaug innan same frist. Tilbudet skal merkast: "Tilbud skisseprosjekt Sagstad og Grasdal skule". Tilbudet skal vere på norsk, og kan ikkje leverast per e-post.

Eventuelle spørsmål kan rettast per e-post til:

Prosjektrådgjevar Berit Eskeland

Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Alle spørsmål og svar vil bli lagt ut på DOFFIN utan at identiteten til spørsmålsstillaren vert oppgitt.

Vedståingsfrist er 90 dagar.

## TILBODSSKJEMA.

PRISSKJEMA	
Pris for utarbeiding av teikningar jf. pkt. 1 i kap 4	.....kr eks mva
Pris for arbeid med rammeløyve jf. pkt. 2 i kap 4	.....kr eks mva
Pris for 4 reiser t/r Frekhaug jf. pkt.	.....kr eks mva
Samla sum:	.....kr eks mva
+ 25 % mva	.....kr mva
Samla sum inkl. mva	.....kr inkl mva
Timepris for møter og rådgiving (pkt. 3 og 4 i kap 4)	.....kr eks mva

...../..... 2015

Stad/dato

Tilboddar:

Underskrift:.....